



Geir Rusten satsar no også i Odda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Geir Rusten, kvinnheringen bak leilighetsprosjektet i Beinavikjo, satsar no sterkt også i Odda. Han har kjøpt Gamle yrkesskolen og ei boligblokk i Mjøstølsvegen i Tyssedal for tilsaman 4,85 millionar.**

Blokka har han kjøpt saman med sambygdingane Eivind Tvedt, Hans Martin Hjelmeland og Svein Arne Sæberg, som har eit selskap under stifting. Dei skal overta blokka 1. desember og har betalt 2,1 millioner for den. Det synest Rusten er eit godt kjøp for 20 leiligheter.

Gamle yrkesskolen har Rusten kjøpt gjennom selskapet Breidablikk Eiendom der han er dagleg leiar og her er kjøpesummen 2,75 millionar. Her er det lagt inn ein klausul om at bygget skal kunne brukast til leiligheter, men det må først godkjennast av kommunen. Kjøparen kan til dømes tenkja seg leiligheter for ungdom som vender tilbake til Odda etter endt utdanning.

Til Hardanger Folkeblad seier Rusten at han går inn i Odda med stor optimisme og håp for framtida. Den optimismen fantes ikkje for fem år sidan, påpeikar han.

- For Odda kan det nå berre gå ein veg, og det er oppover. Det er så mange personer i Odda som vil ha noko til å skje at ting må skje. Det er overraskande at Odda har sluppe seg så langt ned som kommunen har gjort, seier Rusten.

I tida framover skal Odda kommune selgja fleire bygg.

Av Ola Matti Mathisen